



Styringsgruppa ny kommune
v. Olve Grotle

Vår ref.
17/80-3/ GBS
17/937

Dykkar ref.

Arkiv
K1 - 026

Dato:
31.01.2017

Uttale frå Fjaler kommune til namn på ny kommune i Sunnfjord

Vi viser til dykkar brev av 12.01.2017 der de ber om uttale frå Fjaler til val av namn på den nye kommunen i Sunnfjord. Fjaler kommunestyre har i møte 30.01.2017 handsama dykkar brev om namn på den nye kommunen i Sunnfjord. Aller først vil vi ynskje dykk til lukke med samanslåinga av Jølster, Naustdal, Gaular og Førde. I den nye kommunen sameinar de sterke kvalitetar som vil bli viktig og retningsførande for utviklinga både i Sunnfjord og i heile fylket.

Når det gjeld å bruke namnet Sunnfjord på den nye kommunen, har Fjaler kommune fylgjande innvendingar:

- Fjaler kommune er ein del av Sunnfjordregionen. Kommunesenteret Dale i Sunnfjord er den 5 største tettstaden i Sunnfjord etter Førde, Florø, Svelgen og Naustdal.
- Sunnfjord er eit sterkt identitetsberande namn. Sunnfjord er både kyst og fjell, dialekt, folkelynne, historie og tradisjonar. Sunnfjord er såleis meir eit stadnamn på ein region som reflekterer kulturell identitet, enn eit namn som reflekterer administrative grenser. Den nye kommunen vil berre ha 55 prosent av arealet og 60 prosent av folketallet i Sunnfjord. Om vi også reknar med folketallet og arealet til dei deler av Bremanger som høyrer til Sunnfjord, så vert bruken av Sunnfjord endå meir misvisande. Det er difor ikkje rett å bruke dette namnet om denne nye kommunen. Det kan hevdast at folk i nabokommunane likevel er sunnfjordingar, men vi meiner at det er ein reell stor fare for mistydingar rundt kva som er Sunnfjord. Det vert krøkkete når ein i daglegtalet må presisere kva ein meiner med at ein er sunnfjording.
- Sunnfjord-regionen har fått namnet sitt etter fjordane mellom Sogn og Nordfjord. Nordgulen i Bremanger er den nordlegaste fjorden, Dalsfjorden er den sørlegaste. Av dei 10 fjordane som har gjeve grunnlag for Sunnfjord-namnet er det berre dei inste delane av Førdefjorden og Dalsfjorden som vert ein del av den nye kommunen.
- Fjaler kommune vil også peike på mistydingar knytt til at kommunesenteret vårt har «Dale i Sunnfjord» som offisielt namn. Det er vanskeleg å tidfeste når Dale vart døypt til Dale i Sunnfjord, men det har i allefall vore slik sidan midten av 1800-talet. I tillegg til at Dale i Sunnfjord er det formelle namnet er det også bruksnamnet og identitetsnamnet. Om Sunnfjord vert nytta som namn på den nye kommunen vil det naturleg nok skape ein masse forvirring om Dale er i Sunnfjord eller i Sunnfjord.
- Vi er klar over at det i intensjonsavtalen mellom Jølster, Naustdal, Førde og Gaular står at namnet er Sunnfjord. Vi meiner dette ikkje er eit argument for å konkludere på dette namnet. For det første hadde ikkje dei andre kommunane i Sunnfjord høve til å påverke namnevalet i denne intensjonsavtalen. Vi var ikkje ein del av forhandlingane i «Liten-SIS» og namnevalet vart heller ikkje sendt ut på høyring til oss då. Difor meiner vi at eit namnevedtak på eit slikt grunnlag, så tidleg i samanslåingsprosessen, er å oppfatte som ein arbeidstittel.

- Vi viser elles til kva råd Språkrådet gjev i denne saka. Språkrådet er eit statleg råd som med fagleg tyngde skal rettleie det norske samfunnet (enkeltmenneske, organisasjonar, institusjonar, offentlege og private) i god språkbruk og god namnebruk. I rolla som offentlege aktør har ein kommune eit ansvar i å ikkje trasse gode råd om namnebruk, men gå føre og vise veg i å respektere og jobbe for god namnebruk.

I Fjaler er folk stolte over Sunnfjordidentiteten sin og vi får svært mange tilbakemeldingar blant innbyggjarane våre på at det å bruke Sunnfjord som namn på den nye kommunen vert oppfatta som eit ran. Vi oppmodar dykk difor på det sterkaste om å dyrke godt naboskap og ta omsyn til innspela frå resten av Sunnfjord

Med helsing

Gunhild Alis Berge Stang
ordfører

Direkte tlf: 97653785

Brevet er godkjent elektronisk om det ikkje er signert.